

Forslag til forskrift om vern av Inngripan naturreservat i Kristiansund kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved kongeleg resolusjon med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. Formål

Formålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a) er eit viktig hekkeområde for sjøfugl, med det naturlege tilknytte plante- og dyrelivet på land og i sjøen. Viktige artar av sjøfugl er mellom anna toppskarv, ærfugl, fleire måkeartar, teist, terne og tyvjo.
- b) representerer viktige grunnvassområde langs kysten, med eit grunt, kupert platå med ei rekke øyar, holmar og skjær og vekslende botn- og djupneforhold. Området er sterkt eksponert med mykje taeskog. Området har særskilt naturvitskapeleg verdi.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand. Området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking, mellom anna for å kunne studere effektar av taretråling.

Verneformålet knyter seg til landarealet, sjøbotnen, vassøyla og sjøoverflata.

§ 2. Geografisk avgrensing

Naturreservatet er umatrikulert grunn i Kristiansund kommune.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 4 214 daa, der ca. 160 daa er landareal og ca. 4054 daa er sjøareal.

Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.202x. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart er lagra i Kristiansund kommune, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. Vernereglar

I naturreservatet må ingen setje i verk noko som skadar verneverdiane nemnt i verneformålet.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar:

- a) Vegetasjonen på land og i vatn, medrekna tang, tare og daude planter, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting og såing er ikkje tillate.
- b) Alt dyreliv på land og i sjø, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade, øydelegging og unødig forstyrning. Hundar skal haldast i band. Utsetjing av dyr er ikkje tillate.
- c) Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturgitte tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg, andre varige eller mellombelse innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, plassering av campingvogner, brakker og liknande, opplag av båt, framføring av kloakkleidningar, luftleidningar eller jordkabler, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering, lagring av masse, lagring eller dumping av avfall eller tilføring av kloakk, anna forureinande stoff, kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel, kalk eller gjødsel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmende.

- d) Bruk av reservatet til teltleirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

§ 4. Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg.
- b) Beiting. Miljødirektoratet kan av omsyn til verneformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.
- c) Sanking av bær og matsopp og plukking av vanlege planteartar inkludert tang til privat bruk.
- d) Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk, med unntak for bruk av reiskap som blir slept under fisket og rører botnen, likevel slik at bruk av snurrevad er lov.
- e) Vedlikehald av anlegg og innretningar som er i bruk på vernetidspunktet.
- f) Vedlikehald av gjerde.

§ 5. Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsel på land i reservatet, med unntak av Nordgripen.
- b) Bruk av drone eller modellfly er forbode.
- c) Motorferdsel til lands, medrekna start og landing av luftfartøy, og lågtflyging under 300 meter er forbode.

§ 6. Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsmyndigheita. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd bokstav a er ikkje til hinder for:

- a) Ferdsel i samband med drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg.
- b) Nødvendig ferdsel i samband med beite, inklusive tilsyn med dyr på beite, vedlikehald av gjerde og liknande.
- c) Ferdsel på land ved bruk av landfeste i samband med yrkesfiske.
- d) Forsvarets nødvendige lågtflyging.

§ 7. Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsmyndigheita kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Oppføring av nødvendige navigasjonsinstallasjonar og andre farleitiltak for å trygge ferdselen til sjøs.
- b) Oppsetting av gjerde for å regulere beite.
- c) Etablering av landfeste for fiskereiskap.
- d) Ferdsel på land for fangst av mink.
- e) Rydding av vegetasjon på land.
- f) Nødvendig motorferdsel knytt til aktivitetar nemnt i § 7 a.
- g) Vitskaplege granskingar.

§ 8. Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, i samsvar med naturmangfaldlova § 48.

§ 9. Skjøtsel

Forvaltningsmyndigheita, eller den forvaltningsmyndigheita bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet i medhald av naturmangfaldlova § 47.

§ 10. Forvaltningsplan

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. Forvaltningsmyndigheit

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12. Iverksetjing

Denne forskrifta tar til å gjelde straks.